

Kommunedelplan for naturmangfold

Lesja kommune

Høringsutkast – Planprogram



Foto: Benedikte Skarvik. Område: Bottheim.

Føreord

| Innhald | Sidetal |
|--------------------------------------|---------|
| Føreord | 2 |
| Innleiing | |
| I. Målsetting | 3 |
| II. Økonomi | |
| Rammevilkår | |
| I. Relevant lovverk | 4 |
| II. Lokale føringar | 5 |
| III. Nasjonale og regionale føringar | 6 |
| Beskriving av planprosessen | 7 |
| Medverknad | 8 |
| Framdriftsplan | 8 |

Innleiing

Den 19.05.20 vart Lesja kommune ein av åtte kommunar som vart valt i 2020 til å få støtte frå Miljødirektoratet sitt prosjekt for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald som er finansiert av klima- og miljødepartementet.

Kommunedelplanen for naturmangfald skal vere med på å sette naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden, og vere eit retningsgjevande styringsverktøy for kommunen i arbeidet med naturmangfald. Gjennom prosessen vil ei brei medverking gi lokal forankring og verdifull kunnskap om viktige naturverdiar og naturområder i kommunen.

Planen vil styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjersle i kommunen, skape forutsigbarheit for forvaltninga, grunneigar, utbyggarar og vere eit reiskap for å synleggjere naturmangfald som ein ressurs for kommunen.

Planen vil ikkje utgreie eller legge andre føringar for villrein enn det er i verneplanar, regionale planar eller i kommuneplanen til Lesja.

Formannskapet vedtok i møte 03.06.2020 oppstart av kommunedelplan for naturmangfald. Planprogrammet er ei oppfølging av vedtaket.

Målsetting

Hovudmålet med planen er å få ei samla oversikt av verdifulle naturområder og artar i kommunen. Fokus området for planen vil bli areal som er utsatt for utbygging og menneskeleg aktivitet, hovuddalsøkket gjennom Lesja. Det er heilt avgjerande for kommunen å ha oversikt over naturtype, artar og deira leveområde lokalt for å sikre at nye utbyggingar ikkje øydelegg viktige naturverdiar. Naturen i verda er under sterkt press og nedbygging av areal er den største trusselen for naturmangfald, bit for bit utbygging utgjer ein stor trussel over ein lang periode.

Formålet for kommunedelplanen for naturmangfald:

- Utarbeide ei heilheitleg oversikt av verdifulle naturområder og artar i kommunen, og kartlegge areal som ikkje har vert registrert før.
- Betre avgjerdsgrunnlaget når ein skal avvege ulike interesse i politiske og administrative avgjersla, og dermed skape meir forutsigbarheit for næringsliv, utbyggingsinteresser og innbyggjarar.
- Synleggjere korleis og kvifor naturmangfald skal vurderast og vektleggjast når avgjerder skal fattast, og bidra til aksept for avgjersla. Samt bidra til å løfte naturforvaltninga i Lesja kommune, og gjere det lettare å prioritere ivaretaking av naturverdiar.
- Lage eit digitalt kartlag (temakart) som er levande (oppdaterast i takt med ny kunnskap): Skape eit nyttig kvardagsverktøy for kommuneadministrasjonen, samtidig som det er lett å bruke og tilgjengeleg for innbyggjarane, utbyggarar og andre interesserte.

Økonomi

Lesja kommune har mottatt eit tilskot på 125.000 kr frå Miljødirektoratet sitt prosjekt for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald som er finansiert av klima- og miljødepartementet.

Med tilskotet samt eigeninnsats (arbeidstid kommunalt tilsette) frå Lesja kommune skal ein løyse planen innanfor budsjettet.



Foto: Ole Thøring. Art: Villrein.

Rammevilkår

Relevant lovverk:

Naturmangfoldloven er den mest sentrale lova for naturforvaltning i Norge. Den gjeld for alle tiltak som rører ved naturen.

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

Arealendring er den viktigaste truselen mot naturmangfald, ved til dømes bit for bit utbygging. Plan- og bygningslova er dermed svært sentral ved at kommunen styrar og påverkar arealforbruk i privat og offentleg sektor. Kommunen må ved bruk av naturmangfaldslova stille krav om bærekraftig utvikling og miljøomsyn i arealforvaltning.

Formålet i **skogbrukslova** og **jordlova** fremmar viktigheit av omsynet til miljø og naturmangfald.

Norsk **PEFC-skogstandard** er også eit viktig verktøy for skogbruket til å sikre omsyn til biologisk mangfald.

Vannressursloven skal sikre forsvarlig bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann. Lova inneheld bl.a. føringar knytt til kantvegetasjon langs vassdrag.

Lakse- og innlandsfiskeloven skal sikre naturlige bestander av bl.a. innlandsfisk, ferskvassorganismar og deira leveområder.

Viltloven har føringar knytt til vilt og deira leveområder.

Miljøinformasjonsloven stiller bl.a. krav til at kommunen skal ha tilstrekkeleg miljøinformasjon og at den informasjonen skal være tilgjengelig for allmenta.

Lokale føringar

Planprogram

I plan- og bygningslova er det eit generelt krav om planprogram for kommuneplanar, jf. plan- og bygningslova § 11-13:

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegerer myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

Planstrategi for Lesja kommune

I forslaget til den reviderte planstrategien (2021-2025) for Lesja kommune står det at kommunedelplan for naturmangfald skal gjennomførast i 2021, og planen er prioritert.

Forhold til kommuneplanen for Lesja

Kommuneplanens arealdel vedtatt 19.12.13 konkludera som følger:

3.2.6 Konklusjon Naturverdier, biologisk mangfold

Planforslaget slik det foreligger (med unntak av hyttebygging langs Dalsidevegen), vil ikke forringe biologisk mangfold eller naturverdier i stor grad. Lesjabygdas sørlige del er en viktig trekkveg for hjortevilt mellom øst og vestlandet. Når det gjelder trekkveier for hjort og elg, vil alle foreslåtte tiltak på sørsiden av dalføret påvirke disse i noen grad. Det er imidlertid rikelig med areal og mulighet for etablering av tilstrekkelig brede viltkorridorer utenfor/ved siden av de planlagte utbyggingsområdene. Planen vil derfor ikke påvirke hjorteviltet i vesentlig grad.

Utvikling av næring og boligarealer uten at dette forringer naturgrunnlaget er i stor grad oppnådd. Samfunnsinteressene og behov for etablering av nye utbyggingsområder oppveier eventuell negativ

konsekvens for naturverdiene i enkelte utbyggingsområder. Utbyggingsområdene er i all hovedsak lokalisert slik at en fortsatt oppnår en bærekraftig bruk av Lesja sine arealer.

Kommunal planstrategi vedtatt 26.05.2016 nemnar relevant tema for naturmangfald som følger:

3.1.2 Utmark

Lesja har vore ein føregangskommune når det gjeld utmarksforvaltning. Lesja fjellstyret var tidleg ut med å formalisere oppsynet med sine område, og etablerte fjelloppsyn på fulltid allereie på 1950-talet. Personar i kommunen var også pådrivarar for å etablere villrein på nytt i Reinheimen på 1960-talet. Også på Dalsida og i Snøhetta har kommunen spelt ei sterk fagleg rolle for forvaltning av villrein, fisk og fjellområde.

Lesja er blant dei kommunane i landet med størst villreinareal og flest fellingsrettar. Kommunen har også gjort ein stor innsats for å formidle naturverdiar og kulturhistorie knytt til fjellet gjennom utstillingar og aktivitetar på Lesja bygdemuseum.

Lesja har store utmarksressursar knytt til beite, jakt og fiske. I Lesja finst eit sterkt fagmiljø for forvaltning og formidling av desse verdiane

5.6 Utmarksforvaltning

Lesja kommune har gjennom ulike verneprosessar fått verna svært store areal, og kommunen sitt bidrag for å sikre nasjonale verneinteresser er såleis stort. Kommunen har likevel ikkje fått ei rolle i forvaltning av verneområda som er rimeleg sett i forhold til dei store areala som er bandlagd, og det sterke fagmiljøet ein finn på Lesja.

Villreinen er ein stor ressurs for Lesja kommune, både som jaktbar art, tradisjonsberar og attraksjon i reiselivet. Dei seinare års arbeid med regionale villreinplanar har likevel ført til meir fokus på arealbrukskonfliktar enn moglegheiter for lokalsamfunnet. Kommunen har truleg eit ikkje utnyttat potensiale for forvaltning og verdiskaping i tilknytning til villrein, natur og verneområde.

På Dalsida og i Lordalen finn ein mange setergrender der den tradisjonelle setringa har teke slutt. Det er såleis ei utfordring å sikre ressursgrunnlag, kulturlandskap og kulturarv i desse områda. Ordninga med Landbruk Pluss, og lempingar i seterforskrifta for statsallmenningar gjev likevel eit utvida handlingsrom for satsingar som kan bidra til å opprettehalde setergrendene for framtida.

Nasjonale og regionale føringar for ivaretaking av naturmangfaldet

Stortingsmelding - Natur for livet beskrive regjeringa sin politikk som skal bidra til å ivareta naturmangfaldet. Eitt av innsatsområda er å styrke kommunenes arbeid med naturmangfald.

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019. Regjeringa forventar bland anna at kommunen:

- Identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknader blir tekne omsyn til.

- Vurderer arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tek særlege omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Nasjonal pollinatorstrategi. En strategi for levedyktige bestander av villbier og andre pollinerende insekter, 2018.

Vassforvaltning i kommunen følger **regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag og regional plan for vannforvaltning i vannregionen Glomma, 2016-2021.**

Regional plan for Ottadalsområdet, 2016-2026, og regional plan for Dovrefjellområde, 2017, dei sikrar forvaltning som tar vare på villreinstammene med tilhøyrande naturmangfald.

Regional plan klima og energi for Oppland, 2013-2024.

Innlandsstrategi 2020-2024 nemnar relevant tema for naturmangfald som følger:

- Artsmangfoldet og naturopplevelsene i Innlandet er viktig både for heltids- og deltidsinnbyggeren. På grunn av et gunstig klima og variert geologi med kalkrike bergarter, har Innlandet et stort artsmangfold. I flere områder finnes dyre- og plantearter som det er viktig å forvalte for framtiden.
- Det er nødvendig å utarbeide en helhetlig arealpolitikk for å hindre nedbygging av dyrket og dyrkbar jord og sikre naturmangfoldet. Sikring av bærekraftige beiteressurser, dyrket og dyrkbar mark er viktig i framtida.

Rapport **ansvarsnaturtyper og ansvarsartar for Oppland fylke.** Naturfaglig grunnjeve oversikt av naturtyper og arter som Oppland har eit særlig forvaltningsansvar for.

Beskriving av planprosessen

Varsel om oppstart vart vedtatt i formannskapet 03.06.2020, oppstart vart vedtatt etter at kommunen vart valt til å vere med på pilotprosjektet etter søknad frå Lesja kommune. Ved offentleg høyring av planprogrammet vert det samtidig varsla om oppstart, og gjort tilgjengeleg gjennom kommunens elektronsike medium og i lokal avis.

Planen vil ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap som førelegger for Lesja kommune. Det vil utførast noko ny kartlegging innanfor prosjekts tilgjengelege budsjetttramme med bakgrunn i kunnskapshol og areal under utbyggingspress i prioritert rekkefølge:

1. Insekt, amfibier og reptil, ved kartlegging av indikatorartar på myr, tjørn og kulturmark.
2. Oppdatering av enkelte eldre naturtyperegistreringar og hjortvilttrekk

Det vil også vere ei viktig oppgåve for prosjektet å identifisere områder som treng ytterlegare kunnskapsbehov for framtidig kartlegging.

Planen vil ha eit utelokkande fokus på områdars naturverdig. Andre faktorar som friluftsliv, økonomi, reguleringsstatus, planlagt arealendring eller liknande vil ikkje bli vist omsyn eller vektlagt.

Prosjektet har fokus på at ein skal få eit resultat som er eit nyttig kvardagsverktøy for kommuneadministrasjonen, samtidig som det er lett å bruke og tilgjengeleg for innbyggjarane, utbyggarar og andre interesserte. Det skal også vere lett å oppdatere med ny kunnskap og endringar.

Organisering av arbeidet

Planarbeidet gjennomførast med følgande organisering:

| | |
|------------------------|---|
| Styringsgruppe: | Formannskapet |
| Administrativt ansvar: | Kommunedirektøren |
| Leder prosjekt: | Plan- og miljørådgjevar |
| Prosjektgruppe: | Kommuneadministrasjon innanfor plan, miljø landbruk med innslag av eksterne til relevante møter/tema. |

Medverknad

Medverknad frå både enkeltpersonar og lag/foreiningar blir viktig for å innhente verdifull lokalkunnskap. Det vert satt av god tid til den prosessen sein sommaren og hausten 2021. Våren og sommaren 2021 vil det arrangerast interne arbeidsseminar for aktuelle ressurspersonar i administrasjonen.

Den eksterne medverknaden vert som sagt haldt i løpet av sein sommaren og hausten 2021 og ein vil invitere breidt innanfor temaet naturmangfald. Det vil bli invitert til temamøter med ressurspersonar med god lokal kunnskap. Tema: 1. Botanikk og sopp, 2. amfibier og reptiler, 3. vilt og pattedyr, 4. vassdrag + fisk og ferskvatninsekt, 5. landlevande insekt, 6. fugl.

Det vert også invitert til eit eige møte med grunneigarane.

Ein legger opp til å ha jamlege mindre arbeidsmøter gjennom meste av arbeidsperioden for å sikre framdrift og god fordeling av arbeidsoppgåver.

Framdriftsplan

| Prosess | Forventa framdrift |
|--|---|
| Oppstart av planarbeid og planprogram på høyring | Formannskapet - 03.02.2021. Kommunestyret - 11.02.2021 |
| Fastsetting av planprogram | Kommunestyret - 15.04.2021 |
| Arbeidsperiode | April - oktober |
| Kartleggingsfase | Juni - august |
| Medverknadsfase | Juli - september |
| Vedtak om offentleg ettersyn og høyring av planen | Oktober |
| Behandling av innspel | November |
| Vedtak av planen i kommunestyret og rapportering til Miljødirektoratet | Desember |



Foto: Ole Thøring. Art: Horndykker.